

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag 3. mai 2017 blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Nils Terje Oma.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, formannskapssalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 16.00
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Nils Terje Oma (Ap), Marit Aga Hustvedt (Ap), Kristian H. Ressel (BBL) og Johannes Vestbø (Sp)
<b>FORFALL:</b>	Gunn Haraldseid (H)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Anne Tone Salte Andersen (H)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Else Holst-Larsen – Deloitte AS
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Rådmann Kristian Birkeland og økonomisjef Ove Eidsheim i sak 8
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Sakene blei handsama i denne rekkefylgja: 8, 6, 7, 9 og Eventuelt

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 06/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 22.02.17**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 22.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet:**

Utvalet hadde ingen merknadar til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.05.17:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 22.02.17 blir godkjent slik han ligg føre.*

## **SAK 07/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 03.05.17**

13. Statusrapport pr. mai 2017
14. K-st. vedtak 04.04.17, sak 18/17 – Oppfølging av rapport «Barnevernet»
15. Kontrollrapport 2016 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
16. Representantskapsmøte 24.04.17 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Representantskapsmøte 27.04.17 – Interkommunalt arkiv Rogaland IKS
18. Representantskapsmøte 28.04.17 – Haugaland Vekst IKS
19. Representantskapsmøte 24.05.17 – Krisesenter Vest IKS
20. Forum for Kontroll og Tilsyn – svarbrev til Foreningen Familie i barnevern

### **Handsaming i kontrollutvalet:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Pkt. 13 - medlemmene ønskjer å få tilsendt rapporten om «Samhandlingsreforma» når den ligg føre i slutten av mai.

Pkt. 20 – det blei stilt spørsmål om kommunen har eit klientutval med heimel i Lov om barneverntjenester. Utvalet ønskjer å få ei orientering om dette av rådmannen til/i neste møte.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.05.17:**

*Referatsaker 13 – 20 blir tatt til orientering.*

*Utvalet ønskjer å få ei orientering om kommunen har eit klientutval i tilknytning til barnevernstenesta.*

## **SAK 08/17 VINDAFJORD KOMMUNE - UTTALE TIL REKNESKAPEN FOR 2016**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2016 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.....

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet:**

Leiar innleia. Økonomisjefen orienterte om rekneskapen. Budsjettdisiplinen var jamt over god. Det var størst utfordringar innan pleie- og omsorg. Rådmannen og økonomisjefen svara på spørsmål om mellom anna ressursbruk innan pleie- og omsorg, sjukefråvær, avviksmeldingar, og bruken av studieturar som læringsarena.

Revisor orienterte om deira arbeid. Det var avlevert ein rein revisjonsmelding, men med ei presisering. Revisor tilrår at alle kommunestyrevedtak med konsekvensar for budsjett blir registrert i økonomisystemet i samsvar med vedtak.

Økonomisjefen var kjend med forholda og vil gje ei tilbakemelding til utvalet innan 01.09.17.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.05.17 og innstilling til kommunestyret:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord vedtek uttale til årsrekneskapen 2016 slik den ligg føre:*

*«Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2016 er gjort opp med eit rekneskapsmessigt mindreforbruk på 3,3 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 2 millionar kr. Det utgjer 0,3 %, som er litt høgare enn i fjor, men framleis lågare enn tilrådd nivå på 1,75 %.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2016 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.16.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Vindafjord kommune sin årsrekneskap for 2016».*

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.05.17**

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i revisjonsrapporten er følgt opp.*

**SAK 09/17 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2017**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæringa for 2017 av 20.01.17 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet:**

Regnskapsrevisor Holst-Larsen gjorde greie for erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 03.05.17:**

*Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæringa for 2017 av 20.01.17 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.*

**EVENTUELT:**

Ingen saker blei meldt.

**Neste møte: onsdag 13.09.17, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 03.05.17

Nils Terje Oma  
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie  
Utvalssekretær